

Styremøte i Hyllestad Næringsråd

Torsdag 15. november 2012 på Leirvik Kro og Motell

Frammøtte: Joakim Systaddal, Roar Bøe, Trygve Solaas, Halvar Horne, Jan Olav Gjerde.

Forfall: Ingen.

Møtande vara: Ingen.

Sakliste:

1. Fotokonkurrans for ungdom
2. Førebels rekneskap 2012
3. Årsmøte 2013 - førebuingar
4. Deltaking på karrieremesser 1. halvår 2013
5. Status P20.
6. Status – medlemskontingent

Protokoll:

1. Fotokonkurrans for ungdom

Styret set av kr. 6000 til fotokonkurrans for ungdom. Reislivsgruppa får ansvar for å avvikle konkurransen i tråd med gjeldande regel og lovverk, samt oppnemne ein jury.

Næringsrådet skal ha eigarskap og rett til fri bruk av alle bileta og ein representant i juryen.

2. Førebels rekneskap 2012

Ein er innanfor budsjetterte råmer, både på drift og prosjekt. Styret tek elles statusen til vitande.

3. Årsmøte – førebuingar

Styret har desse innspela:

- Ikkje ta med status
- Visjon: Hyllestad Næringsråd skal bidra til at næringslivet i Hyllestad er det mest innovative i HAFS-regionen.
- Tre nivå: Visjon (høgt oppe), målsetjing (konkret, skal oppnåast), strategi (for å nå målsetjinga).
- Roar: Vere best. På kva? Raskast veksande? Flest innovasjonsbedrifter?
- Utfylle med aktivitetsplan:
- Presisere samanhengen mellom innspel og aktivitetar.
- Delta med arrangement på Kvernsteinsrock.
- Rekruttering til næringslivet – kan nokon sei noko om det?
- Utfordre Arnold til å meine noko om medlemsmassen.
- Invitere reislivsgruppa til å sei noko om kva, korleis og kvifor dei organiserer seg slik.

4. Deltaking på karrieremessene

HNR deltek på karrieremessene til Framtidsfylket, og inviterer med medlemmane på same måte som tidlegare.

5. Status P20

Sluttrapport undervegs. Innanfor budjsett. Konklusjonen må brukast tid.

6. Status - medlemskontingent

Ein førebur sak for å slette medlemskap i saker der ein ikkje betalar kontingent. Dette vert lagt fram for årsmøtet for endeleg handsaming.

For styret i HNR

Joakim Systaddal, styreleiar